

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
079/22	Kommunestyret	PS	27.10.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Torkildsen Utkilen	FE-234, HistSak-14/1775	22/1112

## Steinalderstien - Fosnstraumen

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune søker om tilskot til skjøtsel av vegetasjon og tiltak som gjev auka tilgjenge av automatisk freda kulturminne ved Fosnstraumen.

Austrheim kommune søker ikkje midlar til dette prosjektet no, men tek opp att prosjektet seinare.

### Kommunestyret - 079/22 - 27.10.2022

#### KS - behandling:

Rådgivevar Christopher Marius Straumøy orienterte om saka.

Vi er oppfordra til å søke på nytt og einingsleiar Kari Torkildsen Utkilen har søknad klar til søknadsfrist om det blir positivt vedtak i kommunestyret.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug: Dette ligg under Biosfæreprosjekt og ønsker eit signal frå kommunestyret korleis vi skal jobbe innanfor dette området framover. Går en ikkje for dette, vil en tilrå at midlar går til Hoplandskverna.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H): Det handlar om prioriteringar. Det er ikkje berre ei investering no, men det blir fleire kostnadar framover. Foreslår at vi seier nei til dette no, så får vi sjå på prosjektet seinare. Vi har mange andre prosjekt som og har vore tema tidlegare i dag. Prosjektet fortener at dette bli gjort på ein god måte.

Helge Dyrkolbotn (Krf): Vi må sende inn att søknaden, få midlar og opprette kontakt med Biosfæreprosjektet for å sjå om vi får til noko i lag. Kanskje skal vi omsider gjere noko no, til dømes er det mykje skog i området som kan ryddast. Sjekk ut sida [www.fosnstraumen.no](http://www.fosnstraumen.no)

Framlegg til vedtak i møte: Inger Lise Brekke (H): Austrheim kommune søker ikkje midlar til dette prosjektet no, men tek opp att prosjektet seinare.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Austrheim kommune søker om tilskot til skjøtsel av vegetasjon og tiltak som gjev auka tilgjenge av automatisk freda kulturminne ved Fosnstraumen.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegget frå varaordførar Inger Lise Brekke (H) fekk 11 røyster for og 6 røyster mot. Desse røysta mot framlegget: Jan Erik Espelid (BYA), Anne Dahle Austrheim (Krf), Helge Dyrkolbotn (Krf), Gro Kaland (Sp), Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp), Inger Lise Helle (Sp)

### **KS - vedtak:**

Austrheim kommune søker ikkje midlar til dette prosjektet no, men tek opp att prosjektet seinare.

### **Saksopplysninger:**

Austrheim kommune fekk i 2018 tilsegn om BARK-midlar kr. 292.000,- (HFK/Riksantikvaren), og det var inntil kr 200.000 i eigendel. Tilskotet måtte me bruke innan 2020 til:

1. Få avtale med grunneigar om fjerning av skog
2. Få tilbod om skogshogst etter rettleiing frå fylkeskommunen v/fylkeskonservatoren
3. Fjerne skogen etter retningslinjer frå fylkeskommunen
4. Lage skjøtselsplan for området etter at skogen er fjerna
5. Få avtale om beitedyr i området (geit eller sau)

Dessverre fekk me ikkje gjennomført hogsten i tide, og måtte difor sei ifrå oss tilsegna på kr 292.000.

Vestland fylkeskommune oppfordrar Austrheim kommune på nytt til å søkje om tilskot til skjøtsel av vegetasjon og tiltak som gjev auke tilgjenge av automatisk freda kulturminne ved Fosnstraumen. Søknadsfrist 1. november 2022.

Sak 14/1775 «Fyrtårnsprosjektet»:

Tilsegn om tilskot til større prosjekt for tilrettelegging og formidling av arkeologiske kulturminne – Steinalderstien

Austrheim kommune har fått tilsegn om kr 400.000 til «Fyrtårnsprosjektet» frå Hordaland fylkeskommune. Me kan bruke dette tilskotet som eigendel til søknad om spelemidlar til Steinalderstien som er ein del av rundløypa i Hoplandsmarka. Tilsegna fekk me i 2017 og prosjektet fylte alle kriteria til eit fyrtårnsprosjekt som skil seg ut i fylket.

Tilskotet skal ikkje nyttast til skogrydding. Tilskotet vert gitt for ein periode på to år. Årleg rapportering om framdrift skal gjennomførast innan 1. november kvart år. Tilskotet kan forlengast dersom det vert avtalt. Me har no fått signal frå Vestland fylke om at me må realisere Fyrtårnsprosjektet, elles må me sei det i frå oss.

Steinalderstien var rydda og merka med skilt på tidleg 1990-talet på begge sider av Fosnstraumen. Det har i lang tid vore behov for oppgradering av stien i rundløypa i Hoplandsmarka, og Radøy i lag med Austrheim har fått midlar til nye skilt, og til formidling/film av Steinalderen i Fosnstraumen

## [Steinalderstien i Fosnstraumen - Vestnorsk utvandringssenter \(muho.no\)](http://muho.no)

### **Vurdering:**

På grunn av fare for rotvelte i området ved steinalderbusefnaden ved Fosnstraumen, bør skogen fjernast uavhengig om vi kjem i gang med Fyrtårnsprosjektet. Me må ha avtale med grunneigar om felling av skogen etter retningsliner frå kulturarv, avdeling kultur, idrett og inkludering på fylket. Vestland fylke har ansvar for automatisk freda kulturminne (faste kulturminne frå før 1537). Fylket signaliserer at dei ønskjer at me på nytt søker om tilskot til skjøtsel av vegetasjon og tiltak som gjev auke tilgjenge av automatisk freda kulturminne ved Fosnstraumen.

Asplan Viak har laga ein plan som er svært krevjande å få realisert, men med å utvikle området steg for steg er det mogeleg å få tilskot og støtte. Fosnstraumen er eit eldorado for fiske, og med fokus på formidling av Steinalderlandsbyen, friluftsliv, kulturminne og turstiar vil dette vere eit Fyrtårnsprosjekt til glede for innbyggjarar og tilreisande. Det er ein fin plass for start eller slutt på turløypa i Høplandsmarka. Her er fleire kulturminne som kan formidlast, og grunneigarane er positive til at området vert nytta til friluftsliv. Prosjektet passar fint inn i Nordhordland UNESCO Biosfæreområde med visjonen:

*«Fortellinga om Nordhordland er fortellinga om dei som tek vare på framtida. Som skapar eit samfunn der ein høyrer heime, der ein kan vekse, utvikle seg og saman skape gode fellesskap. Der naturressursar på land og i sjø vert forvalta og foredla godt. Der kunnskap vert hausta og verdiane skapt til gode for folk som lever her i dag og for dei som kjem etter oss.»*

### **Folkehelse:**

Tur, friluftsliv og opplevingar i naturen fremmar folkehelsa. «I fortida er dei røtene feste som notida skal bygge si framtid på». Med å leggja til rette for at nye generasjonar får kjennskap til historia, heilt ifrå steinalderen til vår tid, kan gjere at dei vert stolte over eigen identitet, kultur og opphav.

### **Miljø:**

FNs Berekraftsmål: nr. 3 God helse og livskvalitet, nr. 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn, nr. 14 Livet i havet, nr. 15 Livet på land.

### **Økonomi:**

Kommunen må rekne ca. 50% i egedel for BARK-midlar. Noko er arbeidsinnsats, men me må også rekne med friske midlar. Av Bark-midlar i 2018 var 292.000 tilskot mot at kommunen hadde ca. 200.000 i egedel. Tilbodet om hogst var den gang på ca. kr 240.000 eks mva. Kommunen vil ikkje hente inn nytt tilbod om hogst, før me får signal frå politisk nivå om dette er eit prosjekt me skal gå vidare med.

### **Konklusjon:**

Austrheim kommune søker om tilskot til skjøtsel av vegetasjon og tiltak som gjev auke tilgjenge av automatisk freda kulturminne ved Fosnstraumen.

